



Roger Hansen
Skrenten 59
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6575 - 20/16770


Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
26.03.2020

Svar på søknad om bruksendring - gbnr 108/137 Lindås

Vi viser til søknad om bruksendring, mottatt 06.03.2020, der du ber om å verta fakturert for eitt gebyr for vatn og avløp. Du skriv at huset på eigedomen består av to delar der den opphavlege delen er eit husbankhus som er oppført i 1976 og den andre delen eit tilbygg som er oppført rundt 1990. Det er ikkje brannskilje mellom dei to delane.

I følgje kommunen sitt arkiv vart det godkjend oppført tilbygg på om lag 70 m² til bustaden i 1989. Tilbygget framstår som ei eiga buening. Det går fram av planteikninga at det er tilgang gjennom dør mellom bueningane.



Når det er tilgang mellom bueiningane er det ikkje grunnlag for søkja om bruksendring frå to til ei bueining etter plan- og bygningslova.

I følgje gebyrforskrifta for vatn og avløp skal kvar abonnent betala gebyr. Som abonnent vert også rekna bueining som etter regelverket knytt til matrikkelen er, eller skulle vore registrert med, eige bustadnummer.

Byggesaksavdelinga kan ikkje ta stilling til forhold som gjeld matrikkelen eller søknaden din om redusert gebyr for vatn og avløp. Søknaden din vert oversend avdeling for samferdsle, veg og VA for vurdering.

Vi gjer merksam på at dersom det vert sett krav om bygningsmessige endringar i bygget for å få endra tal bueiningar frå to til ei, kan det krevja løyve etter plan- og bygningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune ved avdeling for
samferdsle, veg og VA
Roger Hansen

Skrenten 59

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Roger Hansen

Skrenten 59

5955

LINDÅS